



NR 4, 2022 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 90. ÅRG



Altartavla i Ortnevik: Foto Ole Ådland

I dette nummeret kan du lese om:

- Sei noko om Jesus!
- Min julesalme
- Juletefest
- Musikk og salmekveld
- Kyrkjetenaren i Bjordal
- Kyrkjevalet 2023

God jul!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester. **Layout:** Bjørnar Otterstein

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Trykk/oppsett: Printfarm AS

Ordet vart kjøt?

Bibelselskapet arbeider med ei ny bibelomsetjing. Dei meiner at Bibelen bør fornyast kvart tiande år. Dels fordi det norske språket er i stadig utvikling, og dels fordi forskarane stadig gjer nye oppdagingar som resulterer i at ein kan forstå den gamle greske og hebraiske teksten betre.

Men samstundes vil det alltid vere menneskelege vurderingar som ligg bak ei kvar omsetjing. Og dette kan vere vurderingar som er prega av omsetjaren sine haldningar og bakgrunn. Eitt av dei nye framlegga går rett inn ein av jula sine viktigaste tekstar. Johannes 1,14 har i vår siste bibel ordlyden: «Ordet vart menneske».

Det nye framlegget er «Ordet vart kjøt». Det er ikkje tvil om at det greske ordet er det vanlege ordet for kjøt, men det har også ei noko vidare tyding. Ofte må det omsetjast med menneskeleg natur eller menneske, i motsetnad til det som er døde gjenstandar eller det som er usynleg.

Omsetjinga «Ordet vart kjøt» vil altså få fram at då Jesus kom til jorda, så vart han eit konkret, synleg og handgripeleg levande vesen. Men er «kjøt» det beste ordet i vårt språk for å få dette fram?

For meg er ordet «kjøt» først og fremst ein matrett. Vi kan spørje: «Kor ofte har du kjøt til middag?». Dette gjer at «kjøt» for meg får ein upassande klang i Johannesevangeliet. Omsetjinga frå 2011: «Ordet vart menneske» er etter mi meining betre. Eventuelt kunne ein skrive: «Ordet vart synleg og levande».

Mange kyrkjelege saker vert sende på høyring til sokneråda før dei vert fastsette. Kvifor ikkje også sende framlegg til endringar i bibelteksten på høyring i sokneråda? Det er ikkje berre kunnskap i gresk og hebraisk som er viktig, men også korleis nye formuleringar vert forstått av heilt vanlege menneske.

Geir Sørebo

www.kyrkja/hovanger/
www.facebook.com/kyrkjaihovanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor
 Marcus Thranes gt.3. Pb. 159
 6991 Høyanger
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor
 Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Katarina Vattekar
 Jobbmobil: 40 45 86 49
 E-post: KV333@kyrkja.no

Prøst: Knut Magne Nesse
 Brendøyvegen 26, 6906 Florø
 Mobil: 91 71 32 75
 E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:
 Andreas Ester, 6947 Lavik
 Mobil: 45 22 17 37
 E-post: AE639@kyrkja.no

Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik
 Geir Sørebo, 5962 Bjordal
 Mobil: 95 72 91 72
 E-post: GS533@kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Bjørnar Otterstein
 Kyrkjekontoret i Høyanger
 Telefon kontor: 57 71 41 00
 Mobil: 91 76 38 03
 E-post: BO446@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein
 6993 Høyanger
 Mobil: 94 18 67 09
 E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:
 Høy: May-W. Fossmark 90 53 90 02
 Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 99 49 47 45
 Lavik: Toril Lange 91 68 94 59
 Bjo. og Ort: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:
 Sturla Bell Fossen 99 49 47 45

Kyrkjetenarar
 Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
 Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77
 Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77
 Lavik: Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12

Bjordal:
 Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutsleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop?

Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug





Adventstida – har vi bruk for den?

Juletida har blitt kraftig utvida framover. Vi har blitt utolmodige og tek jula lenge på forskot, ynskjer å kose oss, skape julestemning, varme opp til jul. Akkurat i år slit vi litt med å gjere det, tenkjer på krigen i Ukraina og klimakrisa og pandemien som ikkje er over.

Men adventstida er noko ganske annleis enn utvida juletid med julehandel og julekonsert og julebord – og julaftan er jo ikkje ein kva som helst bursdagsfeiring eller markering av ein minnedag. Vi hugsar ikkje berre tilbake til det som skjedde i julenatta ein gong for 2000 år sidan. Kva er no adventstida egentleg for noko? «Advent» er eit framandord tatt frå latin.

Advent tyder «komme». *Noko* eller *nokon* skal komme. I nær framtid. Vi førebur oss til dette. Vi lengtar og venter. Derfor er det ikkje feil å kople ordet «advent» til det norske «å vente».

- Advent set jula i eit framtidsperspektiv: Gud kjem til oss!
- Advent er ei tid for å gjere mindre og ikkje gjere enda meir.
- Advent er ei tid for stille.
- Advent er ei tid for forventning og venting og lengt: å håpe på at det kjem noko nytt, heile verda blir annleis. At det blir fred på jorda!
- Alt dette kan ligge i adventstradisjonane vi kjenner til: tenne lys i adventskransen eller adventsstaken frå 1 til 4. søndag. Bruke fiolett-fargen i heimen, som er liturgisk farge til faste og omvending.

Vi lever på mange måtar i ei krisetid. Ei tid vi kan kjenne på at vi har behov for endring. Behov nett for å markere adventstida. Ha ei god adventstid! Og riktig god jul!

Sokneprest Andreas Ester

Min julesalme



Namn: Thea Elisabeth Warvik
Alder: 27 år
Bustad: Ortnevik

Thea Elisabeth er for tida heimearbeidane med to gitarar på 1 og 4 år. Saman med John Eivind Warvik flytta ho til Ortnevik i 2017. I desse fem åra har dei vore knytt til Bønnens hus der.

På eit hyggjeleg føremiddagsbesøk spør eg om ho har ein julesong som ho likar spesielt godt. - Eg er glad i advent- og julesongar og kunne gjerne syngje dei heile året. Skulle eg velje ein, vil eg trekkje fram «En krybbe var vuggen».

I Norsk salmebok 2013 er denne med både på bokmål og nynorsk. Thea Elisabeth seier ho er glad i nynorsk, og ho blir glad for at teksten er ganske lik på dei to målføra.

*Ei krubbe var vogga som venta han her,
det vesle barn Jesus, vår Frelsar så kjær.
Men stjernene lyste så vismenn fekk sjå
det vesle barn Jesus, på leiet av strå.
Så enkelt og stille kom Gud til vår jord,
så høgt er eg elska av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel,
Gud sjølv var han lik,
men Jesus var fattig og eg er blitt rik.
Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg,
slik opna du porten til himlen for meg.
Velsign oss, ver med oss, gje ljøs på vår veg.
så alle kan samlast i himlen hjå deg.*

- Denne salmen seier så vakkert at Gud som er i det høgste kom så stille, beskjedent og gøymt til verda. Ved å bli menneske, eit lite barn i ein stall, har Gud kome heilt nær oss. Ikkje for dei høgt på strå, men først for små og fattige gjetarar, og så for alle. Han kom ikkje for dei som har alt på stell. I siste verset får vi med resten av evangeliet også, -frå krubba til krossen- fortel så fint at han kom, levde og gav seg sjølv så vi skulle få ein open veg til Gud, vår Far.

Intervjuar: Sissel Sørebø



1780697 fotosearch.com

Juletefest – vinterens kulturelle høydepunkt

At juletefesten er vinterens største kulturelle happening, vil sikkert ikkje mange skrive under på i dag. Men lat oss lese ein del av ein reportasje frå Gol i Norsk skoletidende, 29. januar 1880, s. 76:

«Læreren ved Gols skole, hr. kirkesanger H. A. Berg, havde ved juleferiernes slutning juletræ for sin sangforening, øverste klasse i sin skole og somme fædre og forskaffede dem derved en inderlig og for dem tillige ukjendt glæde, da saagodtsom ingen av dem nogensinde havde seet et juletræ. Dette var nemlig den første juletræfest i dette prestegjelds skoler, ligesom juletræ heller ikke bruges her i bøndernes huse. Efterat deltagerne var blevne beværtede, holdt Berg en længere, meget grei tale, hvori han udviklede juletræets betydning, hvorefter «sangskolen» afsang et par julesange. Siden talte lærer Hermundstad for oplysningen, og Berg for fædrelandet. Seks timer tilbragtes i den mest belivede stemning, afvekslende med sange, taler, oplæsning og leg, ret ofte opfrisket ved granens deilige frugter. Sluttelig kom det spændende øieblik, da gaverne ved lodtrækning uddeltes»

Søreide i 1950-åra

Juletefestane på Søreide i 1950-åra var ikkje heilt ulike den festen som vert skildra på Gol i 1880. Festane var i skulestova og var alltid leia av læraren. Han hadde med seg ein festkomite som styrte med mat og einskilte underhaldnings-innslag. Heile bygda deltok, og det var dekkja langbord med kvit duk på skule-huslemmen. Det vart servert påsmurde smørbrød og blautkake, og bondekoner med kvite bluser serverte til eit skikkeleg julemåltid.

No varde festane kanskje ikkje 6 timar, som på Gol, men det var rikeleg med program. Alltid ein tale av ein invitert talar. Ofte av ein frå bygda som hadde flytta ut, men som var heime på juleferie. Innhaldet kunne vere så ulikt, gjerne eit kulturelt tema knytt til jula. Så var det juletegang, opplesing, sketsjar, quiz, leikar, konkurransar – og til sist var det ordet fritt. Eit slags speakers corner, der kven som helst kunne ta ordet og seie kva som helst. Ein kunne kommentere været eller siste uheldige vedtak i kommunestyret eller lese eit dikt. Juletefesten var arenaen der ein kunne oppdage nye talent i bygda. Og til sist dundra julenissen på døra med sekken full av posar med sноп og ei appelsin til kvar.



Foto: Geir Sørebo 2007

Eksamen for skuleelevane

Læraren hadde det avgjerande ordet når programinnslaga på juletreffesten skulle fastsetjast, og dette gjekk først og fremst ut over skuleelevane. Vi fekk tildelt oppgåver som vi skulle utføre. Og det nytta ikkje å protestere. Vi opplevde det slik at på juletreffesten skulle vi visast fram for bygda. Og nede i benkeradene vart kommentarar mumla mellom mannfolka: «Ja, det var guten sin det. Han las med ei stemme så kraftig som bestefaren». «Ho der var litt for spake, ja, dei pleier no ikkje vere så høgsmelte der i garden». Då eg var rundt 10 år, hadde læraren pålagt meg å lese eit stykke frå Norsk Barneblad på juletreffesten. Eg var livredd for å stå fram med 100 par kritiske auge festa på meg. Eg visste eg skulle lese nett etter matykta. Og då sneik eg meg over skuleplassen og inn det mørke vedskjulet. Der sette eg meg i kulde og bekmørke bak ein vedstabel. Eg vart verande der til festen var ferdig. Då folk byrja å sige ut av skulestova, våga eg meg fram for å bli med foreldra mine heim att. Det var ingen som sa noko. Forelda mine var sikkert skamfulle over sin førstefødde. Men dei hadde vit nok til ikkje å kommentere fadesen. Eg følte alle stirte taust på meg. Der er han som ikkje stod til juletreffest-eksamen.

Mykje moro

Men fiasko på ein juletreffest, førte på ingen måte til at eg mista lysten til å delta på neste fest. Då kunne det vere andre som ikkje greidde å stotre seg gjennom ei opplesing, eller som vart parodierte i ein sketsj. Spenninga låg i lufta, ein visste aldri heilt kva som kunne skje på ein juletreffest i bygda. Og så var det forfriskande konkurransar, ofte mellom to lag. Eg hugsar mellom anna den gongen kappestriden gjekk ut på at møteleiaren ropa ut gjenstand etter gjenstand som dei konkurrerande laga først skulle bringe fram på scenen. Det tok til med uskuldige ting som ein kulepenn eller ein sokk, men vart gradvis vanskelegare og dristigare. «Eit gebiss», ropa

møteleiaren. Dermed reiv ei kvinne ut gebisset sitt og kasta det bort til det eine laget som viste det fram på scenen. Stor applaus i forsamlinga.

Hand i hand

Det var sjeldan at vaksne bygdefolk i dagslys gjekk og heldt kvarandre i handa. Men rundt juletreet var det heilt greitt. Då kunne den godt vaksne ungdømlingen passe på og finne handa til ei av dei fagre jentene i bygda. Ja, dei kunne bli eit par som vandra arm i arm: «Så gjør vi så når til kirke vi går, tidlig en søndags morgen». Ja, det var visst ei og anna tåre å sjå når vi song om mor som kveikjer alle ljøs, slik at det skin i kvar ei krå, og «Kom vesle barn til meg, eg lengtar etter deg! Kom du som sorg kan linna, stig inn om her er smått, lat meg deg sjå og finna, då får eg det så godt!» Og du verda korleis folk kunne synge, dobbelt så høgt som i kyrkja, endå det ikkje var noko slags musikk attåt. Og skulehuset riste då heile bygda gjekk seg ut i trampeland før reven raska over isen. Her var alle inkluderte, berre nokre tilårskomne karar sat att borte i kroken og følgde litt brydde med på dansen rundt juletreet og dei tre ringane som gjekk i motsett retning og som nokre stadig vekk føreslo skulle snu, noko som ofte resulterte i eit skikkeleg kaos med folk som kolliderte i alle ringar.

Min tur

Eg fekk sjansen til å rette opp att fadesen i vedskjulet. 10 år seinare var eg teologistudent og vart beden om å vere talar på juletreffesten. Med mykje ungdommeleg frimod bestemte eg meg for at her skulle det for ein gongs skuld haldast ein skikkeleg kristeleg tale. Tema var: God jul med Jesus. Kva meiner vi når vi seier God jul? Vi burde tenkje over at retteleg God jul vert det berre når Jesus får plass hos oss i jula. Det er han som er hovudpersonen og som gjer at vår jul vert ei god jul. Dette vart nok i overkant emissær-aktig i forhold til det som festkomiteen hadde venta seg.

I alle høve var det ein som greip ordet under posten «Ordet fritt» og sa at den unge talaren hadde vore altfor snever og einsidig. Å tenkje på Jesus i jula var vel og bra, men God jul var no så mykje meir: Det var god mat, det var gåver, det var gjestebod, det var fred, det var hyggje, det var helse, det var familien samla. Og det gjekk saktens an å oppleve ei god jul utan at ein snakka så høgt om Jesus. Jau, eg måtte jo vere samd med siste talar. Så trefte eg ikkje heilt spikaren på hovudet på denne juletreffesten heller.

Ein kulturkristeleg fargeklatt

I mi tid som teologistudent og prest har eg vore på juletreffest i Ortnevik, Bjordal, Ikjefjord, Lavik, Lavikdal, Høyanger, Kyrkjebø, for ikkje å snakke om Vadheim der eg trur eg talte 20 år på rad på juletreffest på skulen. I kvar bygd hadde juletreffestane sitt særpreg. På sitt beste var dei ei god samnrøring av kristendom og kultur, julegjestebod, leik, underhaldning, nisse og Jesus, salmar og songar, sketsjar og julespel, skjemt og alvor. Kristendom på norsk, kunne ein kanskje seie. Eit underleg fenomen som vi først les om i Norsk Skoletidende i 1880 og som har halde seg levande like fram til i dag.



Kvart år vart det arrangert julefestar på Folkets Hus og Valhall i Høyanger. Heilt fram til 1960-åra gjekk arbeidarane på Folkets Hus og funksjonærane på Valhall. I Folkets Hus var det julefest både i veslesalen og som på dette biletet i storsalen der folk svingar seg. Biletet er teke ca. 1960. Foto: Norvald Stedje. Eigar: Vegard Stedje. Helsing Anders Timberlid.

Den gamle juletreffest-tradisjonen har vel vorte gradvis svekka dei siste åra, og ikkje minst Corona-viruset førte til stans i alle arrangement. Kanskje kunne det vere ei utfordring å fornye denne gode kulturkristeleg fargeklatten.

Geir Sørebo

Liv og røre på konserten med «Naboen min»

Første laurdag i oktober hadde Lavik sokneråd besøk av to glade, livlege og ganske tøysete naboar – ikkje rart at stemninga var på topp under konserten. Bjørnar og Vegard engasjerte med tøysete og litt alvorlege songar.

Konserten var ein del av ein aktivitetsdag på Alværa. Så tidlegare på dagen var det samlingsstund med songar og flanellograf med forteljinga om dei 100 sauene, der den eine gjekk seg vekk, men som etter intens leiting vart funnen att. Deretter teikna alle eit omriss av handa si, klipte det ut og limte det opp som eit blad på det store treet. Det var også leiraktivitetar med «nonstop med kopp», kasting på boks, kaste kongler i bøtte m.m. Sjølv sagt var det tid til leik og mat. 120 pølser gjekk med. Over 40 store og små frå Lavik, Ortnevik, Bergen og Sunnfjord var med heile dagen, og på konserten var det litt fleire. Etter konserten vart alle invitert på kaffi, saft og kaker.

Tekst/foto: Toril Lange





BARNAS

Finne 10 namn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø

Fargelegg!



Finne fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Asbjørn Tønnesen



Musikk og salmekveld på Kyrkjebø

Onsdag 19. oktober inviterte soknerådet til ein musikk- og salmekveld i kyrkja. «Syng meir saman» var oppmodinga på programmet dei framømte fekk. Nettopp det fekk også dei om lag 25 som kom gjere. Til tonefylje av Gerda sitt framifrå spel på det flotte orgelet vårt song forsamlinga både eldre, velkjende og nyare salmar, som alle var henta frå ulike tema i Norsk salmebok.



Litt ut i programmet fekk me så oppleve nydeleg fløytespel av to av våre eigne lokale musikarar, Keiko og Randi, som både spelte solo – og duettstykke for oss. I ein av duettane fekk me også høyre Keiko som ein dyktig fiolinist – ei svært fin oppleving!

Vadheim seniorkor skulle vore med, men måtte melde avbod i siste liten, så dei har me til gode å høyre til eit anna høve. Gledelig var det likevel at også folk frå Vadheim kom denne kvelden. Håpar me kan samle enno fleire ved eit seinare høve!

Ei lun og varm kyrkje var ramma rundt ei fin musikkstund, og dei glade songarane kunne nyte ein kaffikopp før dei tok på heimveg i haustkvelden.



Tekst og foto: Sturla Bell Fossen.

Kyrkjetenaren i Bjordal

Heilt sidan Bjordal kyrkje var ny har det vore ein kyrkjetenar frå ein av gardane nær kyrkja, Norvald Bjordal, som bur eit par hundre meter unna, tok over stillinga for 11 år sidan, akkurat då han passerte 67. Han fortel at dette har vore ei heilt grei, lita bistilling. Han var bonde på heiltid og kunne difor heller ikkje reise så mykje bort frå bygda. No må han gje seg på grunn av alder og sviktande helse.

- Kva gjekk arbeidet ut på?

Det var jo dei vanlege kyrkjetenaroppgåvene, slik som å klargjere kyrkja for gudsteneste og kyrkjelege handlingar, passe på at det var sett på varme og at alt var i orden. Kyrkjetenaren måtte også ringe med kyrkjeklokkene til dei fastsette tidene. Høgtidsringinga julaftan, påskeaftan og pinseaftan var lenge ei utfordring. Det kunne vere skikkeleg kaldt å stå oppe i tårnet på julaftan med lukene opne. Alt dette forandra seg etter at ein fekk elektrisk ringing og klokkene kunne fjernstyrast.

Så du er ikkje samd med biskop Per Lønning som var motstandar av elektrisk ringing og meinte klokkene måtte gjevast liv av ein ringar med god musikalitet?

Nei, eg meiner biskop Lønning var ein teoretikar som heldt seg i si eiga idéverd. Her er det naudsynt å tenkje praktisk. I mange år var Anlaug Viken klokkar. Eg lærte mykje av henne. Ho hadde framifrå praktisk sans, og ho sette også biskopen på plass då han ville forby kyrkjekaffi i kyrkjerommet.

- Var det ikkje ei belastning å vere bunden til faste tider?

Nei, eg var motivert for å gjere ei teneste i kyrkja, og ofte ville eg vore i kyrkja i alle høve når det var gudsteneste eller gravferd. Kanskje måtte eg tilpasse mi planlegging etter at eg slutta som bonde, men dette var aldri noko stort problem. Men eg hugsar ein gong at eg var på fjellet og heldt på å gløyme høgtidsringinga på påskeaftan. Då fekk eg det travelt med å kome meg ned att.

- Du har jo høyrte på mange prestar – har du nokon gong fått lyst til å overta på preikestolen?

Nei, på ingen måte, men eg har jo sett at prestane er temmeleg ulike. Oftast er det gjevande å høyre på dei, men det hender jo at dei kjem ut på viddene, og då tenkjer eg med meg sjølv at no rotar du deg godt vekk. Eg har likevel aldri sagt dette til dei etterpå.

- Du hadde jo for nokre år sidan ei alvorleg ulukke då bilen for utfor vegen oppe i brattaste lia – korleis har dette sett sitt preg på deg?

Eg gjorde ein katastrofal feil, og ser at eg overlevde ved eit mirakel på heilt uforståeleg vis. Eg ser dette som ei Guds styring, som seier meg at eg framleis har noko å utrette på denne jorda. Det har også medført at eg ikkje har hatt noko traume etter denne nesten-dødsopplevinga.



- Det er vanskeleg å få nye søkjarar etter deg – kva tenkjer du om det?

Det avgjerande er om ein er motivert for å gjere ei teneste for kyrkja i bygda. Ser ein at kyrkja spelar ei viktig rolle, så vil ein gjerne kunne prioritere dei timane det er ei teneste å gjere. Det er i alle høve ikkje ei stilling som gjer ein rik på pengar, men kanskje rik på gode opplevingar. Vi seier takk til Norvald for godt utført teneste i Bjordal kyrkje!

Geir Sørebo

Frå Lavikdal til julegudsteneste i Lavik i gamle dagar

Frå Helgestunder nr. 5 1993, skrive av Bjørg Wenche Solheim

Helgestunder har vore på vitjing hjå Anna Bruåsdal for å høyre korleis det var å komme seg til kyrkje 1. juledag i gamle dagar for dei som budde på Lavikdal. Anna som voks opp på den øvste garden på Øvre Lavikdal er no over åtti år.

Ho fortel: Eg var vel ein 10-12 år første gongen eg var med. Vi måtte vera så store at vi klarde å gå i alle motbakkane. Ein rekna at turen tok ein to til tre timar kvar veg alt etter korleis føret var. Men været måtte vera godt for at vi tok ut, og med snø og gjerne måneskinn vart det likevel ikkje så mørkt at vi var hindra av den grunn. Eg hugsar det hende at det var så kaldt at det knitra under skoa våre. Det vart køyrd med hest og slede, og når vi kom ned i bygda kom det folk frå dei andre gardane og, slik at det vart ein kanefart til kyrkje. Hestane hadde dombjøller så det vart ei spesiell stemning, som eg hugsar med glede.

Vel nede i Lavik vart hestane bundne i tre og anna om lag der skulen er no i dag. Dei fekk dekke over seg og høy å ete på mens folk pratast og var i kyrkja på gudstenesta som gjerne varte til kl.12.30. I kyrkja hadde det nok vore fyrt lenge og vel for eg hugsar ikkje at vi fraus nokon gong. Elles var det alltid mykje folk når det var godver. Innafrå Aven og Torvund kom dei roande og eg hugsar dei gjerne hadde klebyte med seg fordi dei vart ofte våte av sjøsprøyt.

Også frå Ikjefjord og Oppedal kom dei roande over fjorden. Kvifor dei frå Oppedal kom hit har eg tenkt litt på. Dei høyrde jo eigentleg til Brekke. Kanskje det var på grunn av segnet eg har høyrte om kvifor Skrikeberget har fått namnet sitt. Det skulle vera ein kyrkjebåt som forliste der ein gong for lenge sidan. Etter gudstenesta gjekk vi til vedhuset som høyrde til prestegarden. Der sat vi på kvar vår stabbe eller liknande og åt nista vår. Det var skiver og mjølkekaker, noko godt måtte vi jo ha sidan det var jul.

Så var det å ta fatt på heimvegen og den bratte vegen opp Trangane. Dei som ikkje hadde hest og slede, gjekk ein snarveg rett opp lia frå husa i Lavik-dalen, for å sleppa den lange omvegen om svingen der. Ein kan enno så vidt sjå restane av denne snarvegen, i alle fall vi som veit kor den gjekk.



Det hende også at dei unge frå Solheim gjekk på ski over skaret til Avedal og saman med ungdomane frå dei gardane gjekk vi over heia til Bosdalen. Der sette vi frå oss skia og gjekk på føtene resten av vegen.

På heimvegen, hugsar eg, måtte vi alltid innom i Avedalen å få julekaker før vi tok fatt på siste motbakken. Julekaker var noko vi sette pris på, for slike godsaker fekk vi lite av elles i året. Heime venta ho mor med middagen. Det var gjerne ein hane som vi hadde ale på til jul eller svineribbe kokt som sosekjøt.»

«Her ser vi besteforeldra til Anna. Dei er fotografert i bestkleda sine som til dagleg vart kalla kyrkjekleda. Det fordi ein alltid måtte ha på seg dei finaste kleda ein hadde når ein skulle til kyrkje.» Foto: Privat

Kyrkjevalet 2023 vert avvikla 10. og 11. september

Kyrkjevalet er eit demokratisk val der ein vel kven som skal vere med å styre Den norske kyrkja. Alle som er medlem, og er over 15 år kan røyste, og det er din rett. Då kan du vere med å forme ei kyrkje for framtida! Det vert valt representantar til sokneråd lokalt, til bispedømeråd regionalt, og til Kyrkjemøtet nasjonalt. Engasjer deg difor i valet!

På valdagen kan du røyste i nærleiken av der kommunevalet føregår. Det er første gong det vert høve til å førehandsrøyste digitalt, og det kan du gjere frå 10. august til 6. september. Men det er ikkje berre viktig å nytte røysteretten, vi må og ha nokon som stiller til val for å ha dette viktige soknerådsvervet for ein periode, og alle medlemmer over 18 år kan gjere det.

Difor vil sokneråda straks over nyttår gå i gang med nominasjonarbeidet, der dei kontaktar personar dei trur kan ha lyst og vilje til å bidra. Vert du spurd, så er det fordi du vert sett på som ein ressursperson, som vil kunne markere deg aktivt og positivt! Vi treng deg!

Kva gjer så soknerådet? Kort sagt kan ein sei at arbeidet i soknerådet liknar mykje på ei velforening eller ei sanitetsforening som planlegg sitt arbeid til beste for dei som bur i soknet.

Soknerådet, der presten er geistleg medlem, avgjer mellom anna kor ofte og kvar det skal vere gudsteneste, og kva formål det skal takast opp offer til. Soknerådet har ansvar for at kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni vert innarbeidd og utvikla i soknet. Rådet fungerer som eit kollegium med vald leiar, og skal ha fokus på at Guds ord vert rikeleg forkynt, at sjuke og døyande blir betjent med det, at døypte får dåpsopplæring, at barn og unge vert samla om gode føremål, og at åndeleg og lekamleg naud vert avhjelp.

Dette vil mange meine er gode og viktig føremål, som det er meningsfullt å vere med på! Det er ikkje slik at soknerådsmedlemene berre sit på sine møter og vedtek ei mengde ting. Nei, her er det meininga at det skal vere aktivitet, det skal skje noko som folk har nytte og glede av! Td. utdeling av blomar før jul til folk som har mista nokon av sine kjære. Eller vere med som støtte og bidragsytarar for at kyrkjelydsarbeidaren og presten skal kunne samle barn til småbarnsgrupper, minikonfirmantsamlingar, konfirmantundervisning eller leirar på Alværa.

Det å ta vare på barna og ungdommen vår, å gje dei god opplæring og gode og sunne opplevingar, er noko av det viktigaste soknerådet har ansvar for! Det er på grunnplanet det skjer, og det er det vi fokuserer på no. Saman kan vi snu negative trendar i samfunnet, og gje unge og gamle menneske gode minner for livet! Det gjeld berre å tru at positivt arbeid nyttar, og at vi saman kan skape ei god framtid! Slik sett er arbeidet i soknerådet på mange måtar viktigare enn i politikken!

Kyrkjeverja

På Kyrkjebakken

I haust har Lavik sokneråd invitert til både myldresamlingar og t-dagar. Det vil ein halde fram med om lag 1. gong i månaden også etter jul.

Myldresamlingane er for førskuleborn og er ei samling med song, bøn, bibelforteljing med flanellograf og leik. Samlinga er i Lavik kyrkje og varer omtrent ein time. Dag og klokkeslett kan variere noko, så informasjon om myldresamlingane kjem på Messengergruppa - Myldresamling Lavik kyrkje.

T-dagen (trusopplæringsdagen) er for 1.- 4. klasse og er i SFO-tida på onsdagar, til vanleg frå kl. 10.00 til 12.30. På T-dagen samlast ein på Lavik kyrkjekontor. I løpet av nokre hektiske timar, vert det tid til film, Jesusforteljing, song, pølsetting, forming og lego. Invitasjon kjem på Messengergruppa – Leirdøgn og trusopplæring.

Tårnagenthelg i Lavik kyrkje 14. og 15. januar.

Søndag 15. januar vert det tårnagentgudsteneste i Lavik kyrkje med tårnagentar og Geir Sørebø. Laurdag er det tårnagentsamling der agentane skal løyse ulike mysterium. Dei som vil kan også få sjå kva som er oppe i kyrkjetårnet. Alder: 2. klasse og eldre. Ein treng også ungdomar som englevakter. Informasjon kjem på Messenger-gruppa.

Julekonsert i Ortnevik kyrkje

3. søndag i advent 11. des. kl. 17.00.

I år vil Lavik Kantori og dirigent Gerda Otterstein vere med i tillegg til lokale musikalske talantar, m.a. Elena Søreide, Åge Østerbø, Anders og Eldar Brekke. Ortnevik kyrkje har god plass i koret og har gode instrument, så kyrkja eignar seg spesielt godt til konsertar. Hjarteleg velkommen til folk frå både sørsida og nordsida av kommunen!

Bjordal og Ortnevik Sokneråd

God helg på nettet

Ved å gå inn

på <https://worshippinginthenature.com> kan du framleis finne ei helsing frå Geir

Sørebø, der han ute i naturen kvar veke deler nokre tankar om teksten for søndagen. Jostein Hauge syng salmar som høver til.

Myldregruppe i Ortnevik

Ortnevik er vel den bygda i kommunen der det er født flest born dei siste åra. Kyrkja vil difor planleggje samlingar for born ein laurdag ettermiddag i månaden når vi får kyrkjelydsarbeidar i 2023. Foreldre med born frå dei andre bygdene er sjølvsagt også velkomne! Så følg med på plakatar og invitasjonar.

Bjordal og Ortnevik sokneråd

På Kyrkjebakken / Det skjer på Alværa

Kyrkje- og misjonsdag på Alværa

Laurdag 7. januar 2023 vert det invitert til samling på Alværa kyrkje- og misjons-senter. Det har vore ein god tradisjon å byrje året med ein temadag til inspirasjon for kyrkjelydane. NMSU har gjerne hatt leiarkurs same helga. I år vil vi vere saman med dei om meir av opp-legget. Dei er opptekne av klima og miljøkrisa, som jo er eit svært aktuelt tema for oss alle. Korleis kan vi i vår kvardag vere med å arbeide for at skadeverknadene av overforbruket i kulturen vår kan verte mindre? Kva vil vere berekraftig livsstil fram-over? Her kan ein komme med kreative innspel til inspirasjon for andre. I NMS finst det ei gruppe som kallar seg «grådighetsbekjempere». Dei er opptekne av at grådighet fører til overforbruk av naturressursar og difor er eit sentralt tema i kampen for klima og miljø. Det er laga eit opplegg som vi vil nytte denne dagen. Vi byrjar kl. 10.30. Før det kan dei som ynskjer det få kaffi/rundstykke. Det blir som vanleg mykje song og musikk frå ulike tradisjonar. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste v/Geir Sørebo. Om ettermiddagen kan ein delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område. På grunn av måltida er det påmelding til Alværa tlf. 48990661. Vel møtt frå både Hordaland og Sogn og Fjordane til ein spennande dag med aktuelt tema! Områdeutvalet for NMS Ytre Sogn



NMSU inviterer til **Leiarhelg Follow me** - på Alværa 6.-8. januar 2023 for dei som går i 8. klasse og eldre.

Vinterleir vert arrangert på Alværa 17.-19. februar 2023. Meir informasjon finn de etter kvart på nmsu.no – gå til kalender – der vil du finne arrangement når det er klart.

Mariahelg

Innimellom treng vi å få litt avstand til alle gjeremål i kvardagen. Helga 3.-5. mars 2023 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa. Målet med Mariahelg er å senke skuldrane, finne kvile og mat for sjela. Her blir det både felles måltid, hyggeleg sosialt fellesskap med andre, og høve til å nytte den fine naturen ved sjøen. Tema for helga er ikkje avklart enno, meir informasjon kjem når programmet er klart. Uansett – sett av helga no; 3.-5. mars.

Spørsmål om helga/program - ta kontakt med Hanne Bildøy tlf 996 10 528, epost hanne@bildoys.no.



Nytt frå Kyrkjeverja

Katarina Vattekar sluttar som adm. sekretær



Katarina vart tilsett som sekretær i 60% stilling ved kyrkjekontoret i Høyanger 1. februar 2019, og med henne fekk vi inn ein digital kompetanse vi ikkje har hatt før. Frå 1. mars 2021 vart stillinga auka til 80%, og tittelen endra til administrasjons-sekretær. I tillegg til dei vanlege sekretær-oppgåvene, har ho vore ein pådrivar til digitalisering av kontorrutinene gjennom overgang til Kyrkjepartner som dataleverandør, digitalisering av gravkarta på alle gravplassane i kommunen, og til endring av faktureringsrutinene frå papir til e-faktura, mellom mykje meir. Kyrkjekontoret i Høyanger er no det mest digitaliserte og moderne i

prostiet, kanskje også på Vestlandet. Ho har vore digital redaktør for heimeside og digitale media, og superbrukar av alle våre dataprogram. Ho har vore vikar for kyrkjeverja i ferier og i samband med gravferder, og har hatt mykje publikums-kontakt, og alltid ytt god service. Når ho no sluttar ved årsskiftet, bryt ho opp frå Høyanger og flyttar til Sunnfjord, til ny jobb i Helse Førde. Staben ved Høyanger kyrkjekontor og Høyanger kyrkjelege fellelsråd ynskjer henne alt godt, og takkar Katarina for nært og godt samarbeid i desse åra!

Tilsetjing av kyrkjeverje

Etter 3. gongs utlysing av kyrkjeverjestillinga, har det no lukkast oss å få tilsett ny kyrkjeverje. Det er to godt kvalifiserte søkjarar som var med heilt til sluttrunden, og HKF har gjort eit vedtak som går ut på at dersom den eine takkar nei, vil den andre få tilbod om stillinga. Når alt er endeleg avgjort vil vi presentere den nye kyrkjeverja på behørig vis.

Tilsetjing av administrasjonssekretær

HKF har også fått tilsett ny administrasjonssekretær som skal ta over etter Katarina når ho sluttar. Også dette er ein godt kvalifisert person, som har den utdanning og praksis som skal til for å fylla stillinga. Dersom han takkar nei, vert stillinga å lyse ut på nytt. Når alt er endeleg avgjort, vil vi presentere den nye administrasjonssekretæren på behørig vis.

Tilsetjing av kyrkjelydsarbeider

Ettersom HKF ikkje lukkast med å få tilsett kyrkjelydspedagog i 2022, har det vore arbeid med å finne ei alternativ løysing som kan fungere. Det har vi no funne ved at kyrkjjetenar Heike Müller har sagt ja til å gå inn i eit eittårig engasjement som kyrkjelydsarbeider i 50% stilling frå 01.01.2023, og der ho saman med prest, sokneråd og friviljuge skal oppretthalde og gjennomføre ulike trusopplæringsaktivitetar rundt om i sokna i Høyanger kommune. Ho vart tilsett i stillinga den 17.11.2022, og ho har takka ja.

I GLEDE OG SORG

DØYPTTE

Bjordal kyrkje

23.10.2022 Mads Opheim Søreide

Ortnevik kyrkje

19.11.2022 Lotte Villanger Dyrddal

Høyanger kyrkje

27.11.2022 Jo Biebe Hjetland

Kyrkjebø kyrkje

02.10.2022 Caspian Romeo Kvist Våge



DØDE

Høyanger

19.09.2022 Bjarne Røneid

25.09.2022 Jon Hatlestad

16.11.2022 Julianna Øyehaug

Vadheim

04.10.2022 Leif Hatlestad

Kyrkjebø

03.10.2022 Knut Austreim

09.10.2022 Judith Marie Torsnes

Bjordal

07.11.2021 Leif Brox Leirnes



Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
 Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
 Hebr. 10.23-24.

Gudstenester

24. desember – julaftan

Kl. 12.00 Sørsida bygdetun v/G. Sørebo
 Kl. 13.00 Vadheim v/A. Ester
 Kl. 14.00 Ortnevik v/G. Sørebo
 Kl. 14.30 Kyrkjebø v/A. Ester
 Kl. 15.00 Lavik v/T. Lange
 Kl. 16.00 Bjordal v/G. Sørebo
 Kl. 16.00 Høyanger v/A. Ester

26. desember – 2. juledag

Kl. 12.00 Høyanger sjukeheim v/A. Ester
 Kl. 13.00 Kyrkjebø sjukeheim v/A. Ester

08. januar – Kristi openberringsdag

Kl. 11.00 Høyanger v/A. Ester
 Presentasjon kyrkjelydsarbeidar Heike

15. januar – 2. søndag i openberringstida

Kl. 11.00 Lavik v/G. Sørebo, Tårnagent
 Kl. 18.00 Kyrkjebø v/A. Ester

18. januar – Onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester
 Gladgudsteneste

22. januar – 3. søndag i openberringstida

Kl. 11.00 Bjordal v/G. Sørebo

29. januar – 4. søndag i openberringstida

Kl. 12.00 Alværa kyrkje- og misjonscenter
 Konfirmantweekend for alle sokn

05. februar – Såmannssøndag

kl. 11.00 Lavik v/G. Sørebo
 kl. 17.00 Vadheim v/A. Ester
 Kaffigudsteneste

08. februar - Onsdag

Kl. 17.00 Høyanger v/A. Ester, Tårnagent

12. februar – Kristi forklåringsdag

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/A. Ester, Tårnagent
 Kl. 16.00 Bjordal v/G. Sørebo, Årsmøte

05. mars - 2. søndag i fastetida

Kl. 11.00 Høyanger v/A. Ester
 Minikonfirmantar
 Kl. 18.00 Lavik v/G. Sørebo

12. mars – 3. søndag i fastetida

Kl. 11.00 Bjordal v/G. Sørebo
 Kl. 18.00 Kyrkjebø v/A. Ester
 Minikonfirmantar

19. mars – 4. søndag i fastetida

Kl. 18.00 Lavik v/G. Sørebo
 Samtalegudsteneste

29. mars – Onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester
 Samtalegudsteneste

02. april – Palmesøndag

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/A. Ester

06. april - Skjærtorsdag

Kl. 11.00 Ortnevik v/G. Sørebo
 Kl. 18.00 Lavik v/G. Sørebo

07. april - Langfredag

Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester

08. april – Påskeaftan

23.30 Kyrkjebø v/A. Ester, Påskennatt

09. april - Påskedag

Kl. 11.00 Lavik v/G. Sørebo
 Kl. 16.00 Bjordal v/G. Sørebo

10. april – 2. Påskedag

Kl. 17.00 Vadheim v/A. Ester

12. april – onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester
 Gladgudsteneste



NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

Julegåver av mange slag

Vi lever i ei tid då mykje i samfunnet må endrast og materiell vekst ikkje kan halde fram som før. Kva kan vi gjere for å snu trenden med det store forbruket? Har ikkje dei fleste av oss meir enn vi treng? Mange born har overflod av leikar, som også kan bli eit hinder for god leik.

Barn kan vise stor glede når dei gjev noko som dei sjølve har laga, som kanskje ikkje kostar pengar i det heile. Å gje tenester kan vere viktige julegåver som mange set pris på. Gåvekort med løfte om dataundervisning frå barneborn er kjærkome for mange eldre.

Mange andre tenester kan også vere meningsfulle gåver. Ja, det å gå på besøk og gje av tida si vil ofte vere til gjensidig glede. I dag trur eg det er blitt ganske vanleg å gje teater-, kino- og konsert-billetter i gåve. Slik kan ein få gode opplevingar i lag. I bruktbutikkane kan ein samle skattar, som vi stolt kan gje vidare og på den måten støtte sirkulær økonomi. Er ein heldig kan ein få kjøpt dyrt sportsutstyr, billigare brukt på nettet eller på loppemarknad.

Heimelaga saft og syltetøy og anna mat er gode gåver. Det er kjekt å sjå at fleire unge er opptekne av redesign, og at ein arrangerer klesbytedagar. Mange er blitt meir medvitne om korleis vi lever liva våre i forhold til berekraft. Sjølv om politiske tiltak er avgjerande for å nå klimamåla, kan vi tenkje at dei vala vi tek som einskildmenneske i kvardagen også har verdi.

Sissel Sørebø

